


DETALJREGULERINGSPLAN

Naustområde Ramsneset gnr.82 bnr.40, m.fl. PlanID: 201510

BØMLO KOMMUNE



PLANOMTALE

April 2017

Innhold

1.0	BAKGRUNN/INNLEIING	3
1.1	<i>Bakgrunn</i>	3
2.0	PLANSTATUS.....	3
2.1	<i>Kommuneplan</i>	3
2.2	<i>Reguleringsplan</i>	3
3.0	OMTALE AV PLANOMRÅDET / EKSISTERANDE SITUASJON.....	4
3.1	<i>Geografisk plassering</i>	4
3.2	<i>Historikk og arealbruk</i>	5
3.3	<i>Eksisterende bygg</i>	5
3.4	<i>Eksisterende veg- og trafikktilhøve</i>	5
3.5	<i>Naturjevne tilhøve</i>	6
4.0	EIGEDOMSTILHØVE	8
5.0	PLANPROSESS	9
6.0	MERKNADER TIL OPPSTART AV PLANARBEID	9
7.0	OMTALE / KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET	11
8.0	PLANFAGLEGE VURDERINGAR	13
8.1	<i>Kulturlandskap og kulturminne</i>	13
8.2	<i>Samfunnsverknader</i>	13
8.3	<i>Transport</i>	14
8.4	<i>Friluftsliv</i>	14
8.5	<i>Naturmiljø og Naturmangfaldslova</i>	15
8.6	<i>Landskap</i>	15
8.7	<i>Universell utforming</i>	16
8.8	<i>Born og unge sine interesser</i>	16
8.9	<i>Folkehelse</i>	16
8.10	<i>Strandsone</i>	16
9.0	ROS- ANALYSE	17

1.0 BAKGRUNN/INNLEIING

1.1 *Bakgrunn*

Forslagsstillar: Randi Espeland
Ramsneset 17, 5420 Rubbestadneset
Tlf: 53420599 e-post: raes@statoil.com

Utarbeidd av: Gøtz AS v/ Martin Gøtz og Line Hatlevik
Sæ 132, 5417 Stord
Tlf.: 47 26 36 39 e-post: martin@goetz.no
Tlf.: 99 38 48 35 e-post: line@goetz.no

Forslagsstillar Randi Espeland m.fl. ynskjer å leggja fram eit forslag til reguleringsplan for gnr.82 bnr.40 m.fl., Ramsneset, Bømlo kommune.

Det vart sendt inn prinsippøknad for å melde oppstart av planarbeid 15.05.2015, som vart godkjend 18.05.2015.

Plangrensa er sett i samråd med kommunen. Planområdet utgjer totalt ca. 4,3 daa.

Føremål

Føremålet med reguleringsplanen er å regulere til 8 stk naust med tilhøyrande kai, småbåtanlegg og friområde.

Eigarar av nausttomtane bur i direkte tilknytning til naustområde og ynskjer no å kome i gang med etablering av naust på sjøtomtane sine.

Konsekvensutgreiing:

Planen er vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiing, og planetaten i Bømlo kommune har konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Planarbeidet vil spesielt kaste lys over følgjande problemstillingar: Utnytting og bruk av området og fastsetting av formålsgrenser.

2.0 PLANSTATUS

2.1 *Kommuneplan*

I gjeldande kommuneplan er området vist som naustområde med krav til reguleringsplan.

2.2 *Reguleringsplan*

Området er ikkje regulert tidlegare.




Utsnitt frå Kommuneplanen med planområdet på Ramsneset sentralt i bildet.

3.0 OMTALE AV PLANOMRÅDET / EKSISTERANDE SITUASJON

3.1 Geografisk plassering

Planområdet ligg på Rubbestadneset i Bømlo kommune, og omfattar eigedomane gnr.82, bnr. 27, 33, 40, 51, 61 og delar av bnr.1.



Oversiktskart.

3.2 Historikk og arealbruk

Området omfattar fleire frådelt nausttomter som tilhøyrrer tilgrensande bustadeigendomar. Nausttomtane innanfor planområdet er gamle tomter som vart frådelt frå eigedom 82/1 ca. på midten av 80-talet. At disse tomtane no får plankrav er på grunn av at det kom nye krav i samband med ny Kommuneplan.

Eksisterande kaiar, båtfeste og bade plass i området har vore i bruk i ca. 30-40 år.

Arealbruk i dag

Det er etablert fleire kaiar, flytebrygger, stiar og ein bade plass i området. Området vert i hovudsak nytta til marine aktivitetar.

Arealbruk tilstøytande areal

Planområdet grensar til Stangervågen i vest og til eksisterande bustader i aust. I nord grensar området til reguleringsplan for naustområde Stangervåg, gnr.82 bnr.56 m.fl. (PlanID201315), vedteke 16.02.2015. I sør grensar planområdet til eksisterande naust på gnr.82 bnr.41.



Bilete syner nord-vestleg del av Ramsneset.

3.3 Eksisterande bygg

Det er ikkje eksisterande bygg innanfor planområdet i dag.

3.4 Eksisterande veg- og trafikktilhøve

Veg

Planområdet ha tilkomst via sti frå eksisterande veg (PV1211) som ligg i bakkant av tilgrensande bustadhus.

3.5 Naturgjevne tilhøve

Terrengtilhøve/Landskap

I Aurland Naturverkstad si landskapskartlegging av Hordaland fylke, ligg planområdet innan Landskapsregion 20, *Kystbygdene på Vestlandet*.

Planområdet ligg i typisk kystlandskap, med varierende terreng og høgder. Terrengtet er noko ulendt og kupert, med enkelte småbratte parti. Høgder varierer frå kote +0 ved sjøen i vest til +6 i aust.



Flyfoto av området.

Grunntilhøve

Arealis viser at grunnen i planområdet består av Granodioritt (Rolvnesgranodioritt). Bergarten er vanleg å finna i Bømlo kommune og i landet elles. Planområdet har lite lausmassar og Arealis viser at området består av bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke kor meir enn 50% av området består av fjell i dagen. Det er ikkje registrert rasfare innanfor plangrensa. I Arealis er området vist med høg aktsemdgrad for radon. Dette gjeld heile nordre del av Bømlo kommune.

Vegetasjon

På Ramsneset finn ein Vegetasjonstype A3c, Kyst- utforming (NINA, Vegetasjonstyper i Norge, Temahefte 12). Vegetasjonstypen er vanleg å finne langs store deler av vestkysten i Noreg og i Bømlo kommune. Området er solrikt med artar som trives i næringsfattig og fuktig jord.

I tresjikt er det furu (*Pinus sylvestris*) som dominerer. Her veks i tillegg enkelte tre av gran (*Picea abies*), selje (*Salix caprea*), raun (*Sorbus aucuparia*), dunbjørk (*betula pubescens*) og

nokre ikkje- stadeigne artar. I busksjikt veks for det meste einer (*Juniperus communis*), men mot tilgrensande bustader i aust finn ein også bjørnebær (*Rubus fruticos*), bringebær (*Rubus ideaus*), vivendel (*Lonicera sp.*) og fleire prydbuskar som krypmispel (*Cotoneaster horisontalis*), parkslirekne (*Reynoutria japonica*) og rynkerose (*Rosa rugosa*). Feltsjiktet er dominert av blåbærlyng (*vaccinum myrtilus*). Her vart det også funne andre lyngartar, ulike urter og gramnoider (gress og einfrøblada artar) samt hageplanter som dogghosta (*Hosta sieboldiana*) og hagelupin (*Lupinus polyohyllus*). Området er solrikt og grunnlendt med mykje berg i dagen (meir enn 50). Der det er vegetasjon, finn ein også fleire moseartar, og berget har elles førekomstar av lav.



I den austlege delen av planområdet som grensar til eksisterande bustadar, vart det funne fleire artar som står oppført i «Norsk svarteliste 2012»; krypmispel, parkslirekne, rynkerose og hagelupin. Desse artane høyrer ikkje heime i norsk natur og utgjer ein økologisk risiko og trussel mot biomangfaldet.




Krypmispel



Hagelupin



Rynkerose



Parkslirekne

Sol- og utsiktsforhold

Området vender mot sør-vest og ligg heilt ned til sjø. Sol- og utsiktsforhold vert ut i frå dette rekna som gode.



Bilete syner delar av strandlinja vest i planområde, sett mot sør.

Verneinteresser

Det er ikkje registrert eksisterande verneinteresser innan eller i nærleiken av planområdet.

4.0 EIGEDOMSTILHØVE

Planen omfattar eigedomane gnr. 82 bnr.27, 33, 40, 51, 61 og delar av bnr.1.

Gnr. 82 bnr. 27 er eigd av	Kjell Ove Antonsen
Gnr. 82 bnr. 33 er eigd av	Magne Raknes og Hanna Sortland Raknes
Gnr. 82 bnr. 40 er eigd av	Kjell Magnar Mellesdal og Randi Espeland
Gnr. 82 bnr. 51 og 61 er eigd av	Eli Furunes og Helge Jakobsen
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Alvhild Pernille Bakke
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Anne Lisbet Flåten
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Marit Flåten Mjelva
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Målfrid Njåstad
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Johan Torleiv Selsvik
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Annbjörg Selsvik Strømme
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Bjørn Svåsand
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Jan Birger Svåsand
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Kåre Svåsand
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Magnar Svåsand
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Nils Kristoffer Svåsand
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Bjarne Åsen
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Eilev Åsen
Gnr. 82 bnr. 1 er eigd av	Martin Åsen

5.0 PLANPROSESS

Oppstartsmøte 22.05.2015

Melding om oppstart utsending: 10.06.2015 Varselbrev
10.06.2015 Annonse på kommunen sine nettsider
10.06.2015 Annonse i avisa "Bømlo Nytt"
frist: 10.08.2015

6.0 MERKNADER TIL OPPSTART AV PLANARBEID

I samband med oppstartsmeldinga er det komen inn nokre merknadar som fylgjer vedlagt. Her kjem våre kommentarar til merknadane.

Oversikt merknader:

Nr	Avsendar	Dato
	Offentlege instansar – statlege og kommunale	
1.	Fylkesmannen i Hordaland	e-post 10.06.2015
2.	Kystverket Vest	e-post 11.06.2015
3.	Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga	e-post 06.08.2015
4.	Folkehelsekoordinator/ Barnas representant	e-post 28.07.2015
5.	Bergen Sjøfartsmuseum	e-post 20.07.2015
	Ideelle foreiningar	
6.	Fiskarlaget Vest	e-post 13.07.2015
	Private	
7.	Bømlo vatn og avløpsselskap AS	e-post 12.06.2015

1. Fylkesmannen i Hordaland, 10.06.2015

Fylkesmannen seier at småbåthamner og private flytebyggjer ikkje er i tråd med overordna plan, og minner om at området i sjø er vist som friluftsområde i gjeldande kommuneplan. Han stiller seg difor svært kritisk til etablering av småbåthamn og flytebrygger i sjø ved Ramsneset.

Fylkesmannen gjer også merksam på krav til utarbeiding av ROS-analyse med vurdering av risiko og sårbarhet som kan ha verknad for om arealet er eigna til utbygging. Samstundes minner han om krav til handtering av risiko i plan. Til slutt påpeikar han at akseptkriteria med tanke på risiko (m.a. flaum og skred) skal vere i tråd med byggtknisk forskrift (TEK 10). Akseptkriteria for anna type risiko skal definerast av kommunen gjennom planføresegnene. Fylkesmannen legg til grunn at slike akseptkriterie bør vere minst like strenge som for flaum og skred. Alle risikotilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Kommentar:

Flytebryggjer og småbåthamn er i tråd med plan, då dette i kommuneplanen ligg innafør føremålet for naust. Dei ligg ikkje innanfor føremålet for friluftsområde slik Fylkesmannen skriv. Det er frå før av etablert fleire kaiar og flytebrygger for småbåtar i området, både innanfor planområdet og på tilgrensande areal. Etablering av ny småbåthamn med flytebrygger vil såleis utgjere liten skilnad frå dagens situasjon. Ein har også sjekka at dei nye tiltaka ikkje kjem i konflikt med framkomst i sjø, og sett til at ROS-analysen er i tråd med akseptkriteria i byggtknisk forskrift (TEK 10). Risikotilhøve både innanfor og utanfor planområdet er vurdert og teke omsyn til.

2. Kystverket Vest, 11.06.2015

Kystverket opplyser om at det ved planlegging i sjø må takast omsyn til sjøvertsferdsel og seier at det er viktig at det ikkje vert planlagt tiltak /aktivitetar som kan koma i konflikt med framkomst i farvatnet. Dei minner også om at det skal takast med i planføresegnene at tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova skal godkjennast av hamnemynde.

Kommentar:

Det er teke omsyn til merknadane i planarbeidet.

3. Hordaland Fylkeskommune, Regionavdelinga 06.08.2015

Dei påpeikar at nærleik og tilkomst til sjø er eit gode og ein attraksjon ved å bu i Sunnhordland, og at området skal forvaltast nennsamt slik at verdien vert oppretthaldt og kjem flest mogleg til gode. I praksis vil det sei detaljert planlegging der verdiar i strandsona vert ivareteke og der tiltak i strandsona kjem ålmenta og fellesskapet til gode.

Hordaland fylkeskommune skriv vidare at målsetnaden om god balanse mellom bruk og vern for strandsona i plandelen bør følgja innførte reglar av plan- og bygningslova (§ 1-8). Dei viser spesielt til byggjeforbodet i 100-metersbeltet som er nedfelt i § 1-8, og som er innskjerpa etter tidlegare lov, og gjeld så lenge det ikkje er fastsett anna byggegrense. Lova stiller som krav at det skal takast særskilt omsyn til natur- kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Vurdering av nye tiltak skal alltid vegast opp mot desse ålmenne omsyna. *Dette inneber at det skal leggjast større vekt på desse omsyna i strandsona enn andre stader.* Fylkeskommunen påpeikar at planen skal syne korleis strandsona og friluftslivet i området gjennom tilgjenge for ålmenta vert påverka av tiltaka i planen. Fylkeskommunen oppmodar til felleisløysingar i naustområde og strandsområde både med omsyn til tilkomst og opphald på land og til sjøs.

I høve til landskap, arkitektur og estetikk legg dei vekt på at planlegginga skal sikre at nye byggetiltak og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadane. Dei ber om at det særleg vert vektlagt at tiltaka skal plasserast og utformast slik at eventuelle nær og fjernverknader vert redusert.

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Det er ut i frå deira arkiv ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområde. Arealet er også vurdert til å ha lågt potensiale for funn av uregistrerte kulturminne i marka, og det er ut i frå dette ingen avgjerande merknader på noverande stadium i planprosessen.

Kommentar:

Det er teke omsyn til merknadane i planarbeidet. Strandsona er vurdert under Kap. 8.10 *Strandsone*.

4. Folkehelsekoordinator/ Barnas representant

Skriv at det er ei hovudmålsetting å auka kvardagsaktiviteten til både barn og vaksne. Utøving av sjørelaterte aktivitetar som t.d. bading er med på å auka kvardagsaktiviteten. Planområdet ligg i nær tilknytning til eksisterande bustadområde og ei regulering av området til naust med tilhøyrande småbåthamn og kai samt FRIOMRÅDE vil medføre at det kjem naust på allereie etablert kaiområde. Dei legg vekt på at området ikkje bør framstå som eit privatisert sjøområde, då dette kan bidra til avvising, både for dei som nyttar friområde i dag, og for folk som ynskjer å nytte område i framtida.

Folkehelsekoordinatoren/ Barnas representant ser tiltaket som positivt under føresetnad at omsynet om tilgjenge for alle til friområde vert ivareteke, jamfør Allemannsretten. Så langt det let seg gjere er det i tillegg ynskjeleg at ein legg til rette for universell utforming.

Til slutt vert det minna om at folkehelse alltid skal nemnast som eige punkt i plandokumentet slik det vert gjort i alle politiske saksførelegg i Bømlo kommune.

Kommentar:

Det er teke omsyn til merknadane i planarbeidet.

5. Bergens Sjøfartsmuseum, 20.07.2015

Skriv at dei ikkje kjenner til kulturminne ved Ramsneset som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Vidare skriv dei at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn marine kulturminne.

Kommentar:

Dette er lagt inn i føresegnene.

6. Fiskarlaget Vest, 13.07.2015

Dei har ingen merknader til planforslaget.

Kommentar:

Ingen kommentar.

7. Bømlo vatn og avløpsselskap AS, 12. 06. 2015

Bømlo vatn og avløp (BVA) har kome med merknad om at VA-plan må utarbeidast og godkjennast av BVA før anleggsstart. Dei skriv også at kostnaden med framlegging, utbygging og tilkopling av VA- leidningar til offentleg nett må takast av utbyggjar.

Kommentar:

Ingen kommentar.

7.0 OMTALE / KONSEKVENSNAR AV PLANFORSLAGET

Arealbruk (pbl § 12-5), arealoppgåve

Planområdet er totalt ca.	4,3	daa
Av det er:		
1. Bygningar og anlegg		
Naust	1,0	daa
Småbåtanlegg	0,7	daa
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Kai	0,1	daa
3. Grøntstruktur		
Friområde	1,0	daa
4. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone		
Friluftsområde i sjø og vassdrag	1,2	daa



Bilete viser delar av strandlina sett mot sør.

BYGNINGAR OG ANLEGG

Naust

Området kan byggjast ut med naust eller sjøbod.

Det er planlagt å etablere eit naust på kvar av nausttomtane gnr. 82 bnr. 27, 33, 51, 61 og 2 stk. nausteiningar på gnr. 82 bnr. 40 og 2 stk. nausteiningar på gnr. 82 bnr. 1. Nausta skal plasserast på minimum kote +2,0 og skal byggjast i tråd med kommuneplanen. I føresegnene har ein sett maks. tillat bruksareal per eining BRA=40m² og maks. mønehøgd 5,0 m.

Ein ynskjer å plassere nausta på kote +2,0 pga av tilpassing til eksisterande naust og kaiar i området og for best mogleg tilpassing til terreng og landskap. Dette er eit lite avvik frå kommunen sin gjeldande praksis, som seier at slike bygg skal plasserast på min. kote +2,5. Eksisterande naust nord og sør for planområdet er plassert på ca. kote +1,5 og maks. høgvatn i området er på ca. kote +1,4. Å plassere dei nye nausta på kote +2,0 vil difor passe bra i høve til eksisterande bygg og terreng.

Kvar nausteining har krav til 1 parkeringsplass i nærleiken. Eigargar av nausttomtane bur i direkte tilknytning til naustområde og parkeringa er løyst på tilhøyrande bustadtomtar i aust.

Småbåtanlegg

Området kan nyttast som småbåtanlegg for småbåtar.

Småbåtanlegga kan nyttast av nausteigarane innanfor planområdet og etter eigen avtale med grunneigar.

Ein ser føre seg å etablere 1 stk flytebrygge per nausttomt. Flytebryggene kan ha ein maks. storleik på 15m² og maks. breidde er 2,5m.

Ved eigedom gnr.82 bnr.40 kan det etablerast ei felles flytebrygge med maks storleik på 2,4m x 10,0m. Dette er eit lite avvik frå kommuneplanen, som vi meiner bør vere akseptabelt. Ei stor felles flytebrygge vil vere å føretrekke framfor fleire små. Felles flytebrygge vil også skape ein meir ryddig situasjon.

Flytebryggene skal ikkje hindre fri ferdsle.

SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Kai

Området kan nyttast til kai og båtfeste for småbåtar. Kaien i front av nausta skal vere opne for ålmenn ferdsle og det skal ikkje setjast opp gjerde eller andre stengsel som hindrar fri ferdsle i strandsona.

Grøntstruktur

Dette er områda rundt nausttomta. Arealet sentralt i planområdet vert brukt til badeplass i dag. Elles er arealet sett av som buffersone mellom eksisterande bustader og naust/sjø. Områda kan nyttast til friområde. Så langt som råd er skal eksisterande terrengform og vegetasjon takast vare på. Det kan etablerast stiar, trapper og sandstrand i området, og det kan leggjast til rette for vatn- og avlaupssystem. Elles kan det ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for fri ferdsle.

BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

Friområde i sjø og vassdrag

Området skal vere fritt tilgjengeleg for ålmenta og nyttas til sjø- og vassdragsaktivitetar.

TEKNISKE ANLEGG

Vatn og avlaup

Det er vatn- og avlaupsanlegg i området i dag og det vil ikkje vere noko problem å koplase seg på dette.

Straum

Det er straum i nærområdet i dag og det vil ikkje vere noko problem å leggje straum til naustområdet.

8.0 PLANFAGLEGE VURDERINGAR

8.1 Kulturlandskap og kulturminne

I følgje kartdata frå databasane AREALIS og Miljødata, er det ingen kjende kulturhistoriske funn, kulturminne eller SEFRAK- registrerte bygningar innanfor planområdet.

Konklusjon:

Planen skal ikkje ha noko negativ konsekvens for kjende kulturminne, og det er i føresegnene teke med at tiltakshavar har aktsemd - og meldeplikt, jfr. lov om kulturminne av 1976, §8, som seier at arbeidet skal stoppast og kulturvernmyndigheitene varslast dersom tiltakshavar under arbeidet oppdagar gjenstandar eller andre spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet.

8.2 Samfunnsverknader

Lokalt / Nærmiljø

Etablering av naustområdet vil bidra til at fleire kan utøve maritime aktivitetar, noko som er positivt i høve til folkehelse. Nærområdet er brukt til maritime aktivitetar i dag, og dette er også til ein viss grad utøvd innanfor planområdet i dag. Dei nye nausta vil skape ein fin samanheng med eksisterande naust i området. Opparbeiding av området vil også føre til at området vil stå finare fram og truleg bli meir vedlikehaldet enn i dag. Samstundes vil strandsona verta betre tilgjengeleg. Med planen ynskjer ein å leggja området betre til rette slik at det vert lettare tilgjengeleg og meir attraktivt. Ein har vurdert at planen vil gje positive konsekvensar for nærområdet.

Kommunalt

I Bømlo kommune ynskjer ein vekst og aktivitet.

Konklusjon:

Samfunnsmessig er det ingen negative konsekvensar. Ein ser det som positivt at når utbygginga av området er ferdig vil fleire kunne bruke det og få betre tilgang til strandsona. Reguleringsplanen er ein privat plan der kommunen ikkje har nokre allmenne interesser. Planarbeidet vil såleis ikkje medføre økonomiske konsekvensar for kommunen.

8.3 Transport

Bil

Ein ventar ingen eller lite trafikkauke i området, då nausteigarar bur i direkte tilknytning til naustområdet i dag.

Gang- og sykkelveg

Ikkje relevant.

Buss

Ikkje relevant.

Båt

Planen vil kunne føre til noko auka aktivitet og småbåttrafikk i området.

Støy

Den trafikkauken som utbygginga vil føre med seg, vil vere av same art som den trafikken som er i området i dag, og vil kome frå småbilar og småbåtar. Omfanget vil ikkje vere så stort at det skal vere problematisk

Trafikktryggleik

Auka trafikk vil normalt gje auka trafikkfare. Sidan trafikkauken vil vere liten så reknar ein ikkje med at utbygginga vil gje nemneverdig trafikkfare.

Konklusjon:

Planen vil gje ei lita auke i småbåttrafikk, men samanlikna med dagens trafikk reknar ein ikkje med at trafikkauken i området vil gje konsekvensar av nemneverdig grad.

8.4 Friluftsliv

Friluftsliv

Tiltaket representerer ei delvis privatisering av strandsona i området. Samstundes er dette eit område som i dag ikkje er mykje nytta. Tilrettelegginga i samband med utbygginga vil gje betre og enklare tilgang til strandsona og enklare tilgjenge til friluftsområda i sjø for fleire. Tiltaket vil ikkje kome i konflikt med eksisterande badeplassar eller andre friluftsinteresser i området.

Konklusjon:

Planen vil ikkje ha noko negative konsekvensar for nærmiljø og fritidsliv. Etter utbygginga vil fleire kunne nytte området til friluftaktivitetar og for maritim rekreasjon, og området vil verta lettare tilgjengeleg på generell basis.

8.5 Naturmiljø og Naturmangfaldslova

Biologisk mangfald

Det er ikkje registrert verneverdige naturområde, kulturlandskap eller truga/raudelista planteratar innanfor eller i nærleiken av planområdet. Planen omfattar heller ingen dammar, bekkar eller tjern. Derimot vart det funne fleire framandartar som står oppført i «Norsk svarteliste 2012» i område; krypmispel (*Cotoneaster horisontalis*), parkslirekne (*Reynoutria japonica*), rynkerose (*Rosa rugosa*) og hagelupin (*Lupinus polyhyllus*). Desse artane høyrer ikkje naturleg heime i norsk natur, og utgjer ein økologisk risiko og trussel mot det norske biologiske mangfald.

Dersom det skal utførast inngrep i jord som kan innehalde svartelista artar, skal ein unngå flytting av massar som kan spreie artane til andre område, og prøve å bekjempe artane på staden. Massane kan nyttast som undergrunnsjord i tilfelle der dette kan redusere risiko for at plantene spirer. I område der det skal såast gras og klyppast regelmessig, kan det også vere aktuelt å bruke massane som toppjord. Massane skal elles leverast til eit lovleg avfallsanlegg. Den som set i verk verksemd eller tiltak som kan medføre spreieing eller utslepp av levande eller levedyktige organismar til stadar der det ikkje førekjem naturleg, skal i rimeleg utstrekking gjere tiltak for å hindre dette (jf. Naturmangfaldslova §28).

Geologi

Bergarten Granodioritt som dominerer i planområdet, er vanleg å finna i Bømlo kommune og fleire andre stadar i landet. Planen omfattar ingen område med krav til geologisk vern. Planen omfattar ingen område som er geologisk verna eller bergartar av særskild interesse. Det er heller ikkje registrert fare for lausmasseskred eller liknande i området.

Landbruk - skogbruk

Planområdet eignar seg korkje til landbruk eller skogbruk.

Konklusjon:

Utbygging vil alltid ha negative konsekvensar på naturen. Inngrepet vert i dette høvet rekna som moderat ut i frå omfang, lokalitet og artsregistrering. Området er vurdert opp mot naturmangfaldslova §7-12. Utbygging av området regnes ikkje å medføre vesentleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet i området. Planen vil ikkje påverke plante- eller dyreriket i nemneverdig grad. For Bømlo sitt naturmiljø får planen få eller ingen konsekvensar.

8.6 Landskap

Landskapsvurdering

Planområdet har ingen særskilt interessante landskapstrekk som gjer at området utmerkar seg i høve til kringliggjande landskap.

Visuelle inngrep

Området vil verta meir synlig frå sjøen, men få eit fint og maritimt preg etter utbygginga. Utbygginga vil få ei god terrengtilpassing, og alle involverte partar er opptekne av at området skal bli fint.

Fysiske inngrep

Det vil kome nokre inngrep i samband med etablering tomteplanering og etablering av kaier. Utbygginga vert i størst mogleg grad tilpassa til terrenget for å unngå større inngrep og for å dempe uttrykket.

Konklusjon

Utbygging vil alltid medføre inngrep i naturen, og planlagd utbygging kjem til å verta synleg i landskapsbiletet. Delar av planområdet er allereie prega av fysiske inngrep, og nye inngrep vil bli tilpassa terrenget etter beste evne. Konsekvensen av fysiske inngrep er på bakgrunn av dette vurdert som negativ, men akseptabel.

8.7 Universell utforming

Gjennom utbygginga vil strandsona få eit betre tilgjenge. Stien inn til planområdet vil på sikt bli betra, slik at fleire brukarar vil kunne nytte området med god ferdsel heilt ned til sjø.

8.8 Born og unge sine interesser

Det vert sett på som positivt for born og unge at det er tilrettelagd betre tilkomst til sjø og maritim rekreasjon.

8.9 Folkehelse

Planen legg til rette for at området skal kunne nyttast i samband med ulike fritidsaktivitetar. Auka utøving av friluftaktivitetar er generelt positivt for folkehelsa. Etter utbygginga vil området verta meir tilgjengeleg og attraktivt enn før.

8.10 Strandsone

Fysiske inngrep i strandsona

Strandsona er området innan 100 meter frå kystlina målt i horisontalplanet. Bømlo kommune har ei samla strandlinje på om lag 1 277 km. 80,6 % av strandsona er utan tekniske inngrep i Bømlo kommune, dvs. inngrepsfri (tal frå 2010. Kjelde: Strandsonekartlegging i Bømlo kommune, Akvator, datert 23. juni 2010).

Tiltaket vil medføre inngrep i strandsona. Planområdet er vist som naust i kommuneplanen sin arealdel, og planen er såleis i tråd med overordna plan.

Strandlina innanfor plangrensa er ca. 180 m lang. Det er i dag nokre eksisterande kaiar og båtfeste innanfor planområdet, men ingen naust. Tilgrensande bustader i aust ligg ca. 20-30m frå strandlina. Strandsona er ikkje urørt frå før, og planlagt utbygging vil vere ei naturleg utviding av eksisterande anlegg i området. SSB gir mellom anna tal på tilgjengeleg strandsone i kommunane som er basert på kartlegging av bygningsnært areal (50 m frå bygning), bratte område (<10 grader), dyrka mark og vegar. Dersom ein reknar arealet 50m frå eksisterande tiltak som bygningspåverka strandsone, finn ein at heile 100% av strandlina innanfor planområdet er bygningspåverka i dag. Den planlagde utbygginga vil såleis ikkje medføre meir bygningspåverka areal enn det er frå før.

Tilgjengeleg og funksjonell strandsone

Tilgjengeleg strandsone er definert som areal tilgjengeleg i eit friluftsperspektiv, det vil seie at områda ikkje skal vera påverka av privatiserende tiltak eller for bratte for normalt opphald. Område med hellingsgrad brattare enn 25 grader er definert som utilgjengeleg. Heile planområdet kan omtalast som Strandsone. Terrenget i strandsona er ulendt og har stort sett helling som er brattare enn 25 grader. Den delen av strandsona som har lågare helling enn 25 grader, er både vanskeleg og koma til og delvis privatisert med kaianlegg. Ein vurderer ut i frå dette område som lite tilgjengeleg og funksjonelt pr. i dag.

Oppsummering av strandsona i høve til planforslag

Kommuneplanen opnar for bygging av naust og småbåtlegg i planområdet. Realisering av den planlagde utbygginga vil medføre inngrep i strandsona, men fysiske inngrep treng ikkje vera til hinder for ferdsel i strandsona. Inngrepa kan i staden bidra til at strandsona vert betre tilgjengeleg og meir attraktiv i samband med friluftsliv. Dei planlagde tiltaka oppmodar til utøving av sjørelaterte aktivitetar. For å sikre eksisterande badeplass og friområde vert delar av strandsona avsett som grøntstriktur/friområde.

Dei positive og negative verknadene ved planen i høve til strandsona er vurdert slik:

- Tiltaket vil medføre terrenginngrep i strandsona:	Negativt
- Tiltaket vil delvis privatisere denne delen av strandsona	Negativt
- Tiltaket vil gje fleire småbåt plassar	Positivt
- Tiltaket vil gje 8 stk. nye naust	Positivt
- Tiltaket vil forenkle tilgjenge og funksjon i området	Positivt
- Tiltaket vil føre til at området vert meir attraktivt	Positivt
- Tiltaket vil vere positivt for marin rekreasjon og folkehelse	Positivt

Som ein ser ut i frå vurderinga, så er det overvekt av positive verknader til planforslaget. Ein har på bakgrunn av dette vurdert konsekvensen for strandsona som akseptabel.

9.0 ROS- ANALYSE

Bakgrunn

Hensikta med risiko- og sårbarheitsanalysar er å utarbeide eit grunnlag for planleggingsarbeidet slik at beredskapsmessige omsyn kan integrerast i den ordinære planlegginga i kommunen.

For å kunne redusere omfang og skadar av uønska hendingar, slik som uhell, ulukker, driftsstans og katastrofar, er det ein føresetnad at ein først kartlegg risiko og sårbarheit.

I tilknytning til dette reguleringsplanarbeidet er det av omsyn til plantiltakets omfang utført ein analyse av risiko og sårbarheitsforhold. ROS- analysen byggjer på føreliggjande kunnskap om planområdet og arealbruken der.

Metode

Analysen er gjennomført i samsvar med "Samfunnssikkerhet i arealplanlegging - kartlegging av risiko og sårbarhet" frå DSB. Analysen er basert på føreliggjande planforslag med tilhøyrande illustrasjonar og løysingar som der er gitt.

Moglege uønska hendingar som kan påverke planområdet funksjon som område for naust er vurderte jf. vedlagt sjekklister. Forhold som ikkje er relevante i sjekklister er ikkje merka.

I vegleiaren er analysearbeidet delt inn i 6 fasar:

1. Skildring av analyseobjekt
2. Kartlegging av moglege hendingar og potensielle farar
3. Vurdering av årsaker og sannsyn
4. Vurdering av konsekvensar
5. Systematisering og risikovurdering
6. Forslag til tiltak og oppfølging

Risiko uttrykker den fare som uønska hendingar representerer for menneske, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Risiko er eit resultat av *Sannsyn* (frekvens) og *konsekvens* av hendingar.

Vurdering av sannsyn for uynskt hending er delt i:

Begrep/ grad av sannsyn	Vekt	Intervall
Svært sannsynleg	5	Meir enn ei hending kvart 20. år
Sannsynleg	4	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200. år
Noko sannsynleg	3	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000. år
Lite sannsynleg	2	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000. år.
Usannsynleg	1	Mindre enn ei hending kvart 5000. år

Vurdering av konsekvensar av uønska hending er delt i:

Konsekvens	Vekt	Menneske	Ytre miljø (luft, jord, vatn)	Materielle verdiar
Katastrofalt	5	Meir enn 5 daude, eller 25 alvorleg skada (KBP nivå 3)	Varig større skade på ytre miljø	Skadar for meir enn 50.000.000 kr
Kritisk	4	Inntil 5 daude, eller fare for inntil 25 alvorleg skadde personar (KBP nivå 2)	Alvorleg skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorleg skade av stort omfang på ytre miljø	Skadar mellom 5.000.000 - 50.000.000 kr
Alvorleg	3	Inntil 10 alvorlege personskadar, eller mange mindre personskadar, men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag. (KBP nivå 2)	Store skadar på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt	Skadar mellom 500.000 - 5.000.000 kr
Ein viss fare	2	Mindre skadar som treng medisinsk handsaming, evt. kortare sjukefråver. (KBP nivå 1)	Mindre skadar på ytre miljø, men som naturen sjølv utbetrar på kort tid	Skadar mellom 50.000 - 500.000 kr
Ubetydeleg	1	Ingen eller små personskadar. (KBP nivå 1)	Ingen eller ubetydeleg skade på ytre miljø.	Skadar for inntil 50.000 kr

For å gje ei visuell og kvantifiserbar framstilling av ROS- analysa, er det her nytta ei risikomatrise. Risikomatrisa bidrar til å påpeike kva område det er behov for å iverksette eventuelle avbøtande tiltak, og ROS- analysen har i så måte ein praktisk verdi i gjennomføringa av planen.

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ubetydeleg	2. Ein viss fare	3. Alvorleg	4. Kritisk	5. Katastrofalt
5. Svært sannsynleg	5	10	15	20	25
4. Sannsynleg	4	8	12	16	20
3. Noko sannsynleg	3	6	9	12	15
2. Lite sannsynleg	2	4	6	8	10
1. Usannsynleg	1	2	3	4	5

Akseptkriterie

- Hendingar i raudt felt medfører uakseptabel risiko. Her må risikoreducerande tiltak gjennomførast. Elles må det gjennomførast meir detaljert ROS- analyse for eventuelt å avkrefte risikonivået. For tiltak i raude felt skal det utarbeidast ROS- analyse før tiltak kan godkjennast.
- For hendingar som ligg i gul sone må det gjennomførast tiltak for å redusere risikoen så mykje som råd er. Det kan vere naturleg også å leggje ein kost- nytteanalyse til grunn for

vurdering av enno fleire risikoreduserande tiltak. I gul sone skal kommunen krevja ROS-analyse.

- Grønt indikerer akseptabel risiko, men fleire risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut frå økonomiske og praktiske vurderingar. Om det skal gjennomførast ROS-analyse i grøne område må vurderast i den einskilde regulerings- og/eller byggesak.

Ved ROS-analysen vert vurdering av fare i det konkrete planarbeidet satt inn i ein tabell. Det kan vere naturleg å gjengi ein slik tabell både for no-situasjonen (før reguleringa) og ein tabell for ny situasjon etter utbygging i henhold til planen i planomtalen.

ROS-analyse for det aktuelle planområdet

Moglege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak er samanfatta i tabell. Det er laga ein tabell for no-situasjonen og ein for ny situasjon etter utbygging. Dei tema som står i tabellen men som ikkje vert ansett for å vere relevant for planområdet, er vurdert men ikkje markert med "risikofarge".

Nositasjon:

Hendingar / situasjon	Aktuelt?	Sannsynlig	Konsekvens	Risiko	Kommentar/ Tiltak
Natur og miljøforhold					
Ras/Skred/flom/grunn					
1. Masseras/Skred	Nei				Ikkje relevant.
2. Snø/isras	Nei				Ikkje relevant.
3. Flaumras	Nei				Ikkje relevant.
4. Elveflom	Nei				Ikkje relevant.
5. Tidevassflaum	Ja	2	1	2	Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
6. Radongass	Nei				Ingen funn.
Vær og vindeksponering					
7. Vindutsette områder	Ja	1	2	2	Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
8. Nedbørutsette områder	Ja	2	1	2	Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
Natur og kulturområde					
9. Sårbar flora	Nei				Ingen funn.
10. Sårbar fauna/fisk	Nei				Ingen funn.
11. Verneområde	Nei				Ingen funn.
12. Vassdragsområde	Nei				Ikkje relevant.
13. Fornminne	Nei				Ingen funn.
14. Kulturminne/miljø	Nei				Ingen funn.
15. Område for idrett/leik	Nei				Ikkje relevant.
16. Park /rekreasjonsområde	Nei				Ikkje relevant.
17. Vassområde for friluftsliv	Nei				Ikkje relevant.
Menneskeskapte forhold					
18. Veg, bru knutepunkt	Nei				Ikkje relevant.
19. Hamn/kai - anlegg	Ja	2	1	2	Noko småbåttrafikk
20. Sjukehus/-heim , kyrkje	Nei				Ikkje relevant.
21. Brann/politi/SF	Ja	2	2	4	Brann kan førekoma. Krav til vanleg byggsikring. Tilgjengeleg sløkkjevattn (sjø)
22. Forsyning kraft, vatn	Ja	2	1	2	Vatn og tekniske anlegg i nærområdet.
23. Tilfluktsrom	Nei				Ikkje relevant.
Forureiningskjelder					
24. Industri	Nei				Ikkje relevant.
25. Bustad/fritid	Nei				Ikkje relevant.
26. Landbruk	Nei				Ikkje relevant.
27. Akutt forureining	Nei				Ikkje relevant.
28. Støv	Ja	2	2	4	Noko eksos og støv frå små bilar og båtar.
29. Støy	Ja	2	1	2	Noko støy frå små bilar og båtar.
30. Forureining i sjø	Nei				Ingen funn.
31. Forureina grunn	Nei				Ingen funn.
32. Elforsyning	Ja	2	2	4	Leidningsnett i nærområdet.
Andre farlige/spesielle områder/forhold					
33. Risikofylt industri mm (kjemikalie/eksplosiv, olje/gass, radioaktiv)	Nei				Ikkje relevant.
34. Høgspenlinje	Nei				Ikkje relevant.
35. Avfallshandsaming	Nei				Ikkje relevant.
36. Oljekatastrofeområde	Nei				Ikkje relevant.
37. Spesielle forhold ved utbygging gjennomføring	Nei				Ikkje relevant.
Transport					
38. Ulykker med farleg gods	Nei				Ikkje relevant.

39. Vær/føre avgrensar tilgjenge til området	Nei				Ikkje relevant.
40. Ulykker i avkjørsler	Nei				Ikkje relevant
41. Ulykke med gåande/syklende	Nei				Ikkje relevant
42. Andre ulykkespunkt	Nei				Ikkje relevant.

Risikoen av hendingane før utbygging er her framstilt i tabell:

Konsekvens: Sannsynlighet:	1. Ubetydeleg/ ufarleg	2. Mindre alvorleg/ ein viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4. Alvorleg/ farlig	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Særs sannsynleg/ kontinuerlig					
4. Meget sannsynleg/ periodevis, lengre varigheit					
3. Sannsynleg/ fleire enkelttilfelle					
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	5, 8, 19, 22, 29	21, 28, 32			
1. Lite sannsynleg/ ingen tilfelle		7			

Situasjon etter utbygging:

Hendingar / situasjon	Aktuelt?	Sannsynlig	Konsekvens	Risiko	Kommentar/ Tiltak
Natur og miljøforhold					
Ras/Skred/flom/grunn					
1. Masseras/Skred	Nei				Ikkje relevant.
2. Snø/isras	Nei				Ikkje relevant.
3. Flaumras	Nei				Ikkje relevant.
4. Elveflom	Nei				Ikkje relevant.
5. Tidevassflaum	Ja	2	1	2	Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
6. Radongass	Nei				Ingen funn.
Vær og vindeksponering					
7. Vindutsette områder	Ja	1	2	2	Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
8. Nedbørutsette områder	Ja	2	1	2	Kan førekoma, men utgjer ikkje nokon nemneverdig risiko.
Natur og kulturområde					
9. Sårbar flora	Nei				Ingen funn.
10. Sårbar fauna/fisk	Nei				Ingen funn.
11. Verneområde	Nei				Ingen funn.
12. Vassdragsområde	Nei				Ikkje relevant.
13. Fornminne	Nei				Ingen funn.
14. Kulturminne/miljø	Nei				Ingen funn.
15. Område for idrett/leik	Nei				Ikkje relevant.
16. Park /rekreasjonsområde	Nei				Ikkje relevant.
17. Vassområde for friluftsliv	Nei				Ikkje relevant.
Menneskeskapte forhold					
18. Veg, bru knutepunkt					Ikkje relevant.
19. Hamn/kai - anlegg	Ja	2	1	2	Noko auke i småbåttrafikk
20. Sjukehus/-heim , kyrkje	Nei				Ikkje relevant.
21. Brann/politi/SF	Ja	2	2	4	Brann kan førekoma. Vanleg byggsikring. Tilgjengeleg sløkkjevattn (sjø)
22. Forsyning kraft, vatn	Ja	2	1	2	Vatn og tekniske anlegg i nærområdet.
23. Tilfluksrom	Nei				Ikkje relevant.
Forureiningskjelder					
24. Industri	Nei				Ikkje relevant
25. Bustad/fritid	Ja	2	1	2	Nye naust.
26. Landbruk	Nei				Ikkje relevant.
27. Akutt forureining	Nei				Ikkje relevant.
28. Støv	Ja	2	2	4	Noko eksos og støv frå små bilar og båtar.
29. Støy	Ja	2	1	2	Noko støy frå små bilar og båtar.
30. Forureining i sjø	Nei				Ingen funn.
31. Forureina grunn	Nei				Ingen funn.
32. Eلفorsyning	Ja	2	2	4	Kopla på leidningsnett i nærområde
Andre farlige/spesielle områder/forhold					
33. Risikofylt industri mm (kjemikalie/eksplosiv, olje/gass, radioaktiv)	Nei				Ikkje relevant.
36. Høgspenlinje	Nei				Ikkje relevant.
38. Avfallshandsaming	Nei				Ikkje relevant.
39. Oljekatastrofeområde	Nei				Ikkje relevant.
40. Spesielle forhold ved utbygging gjennomføring	Nei				Ikkje relevant.
Transport					
41. Ulykker med farleg gods	Nei				Ikkje relevant.

42. Vær/føre avgrensar tilgjenge til området	Nei				Ikkje relevant.
40. Ulykker i avkjørsler	Nei				Ikkje relevant
41. Ulykke med gåande/syklende	Nei				Ikkje relevant
42. Andre ulykkespunkt	Nei				Ikkje relevant.

Risikoen av hendingane etter utbygging er her framstilt i tabell:

Konsekvens: Sannsynleghet:	1. Ubetydeleg/ ufarleg	2. Mindre alvorleg/ ein viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4. Alvorleg/ farlig	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
5. Særs sannsynleg/ kontinuerlig					
4. Meget sannsynleg/ periodevis, lengre varigheit					
3. Sannsynleg/ fleire enkeltilfelle					
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	5, 8, 19, 22, 25, 29	21, 28, 32			
1. Lite sannsynleg/ ingen tilfelle		7			

Kommentarar til nokre av punkta:

Gjennom ROS- analysen er det ikkje påvist forhold som medfører at planframlegget bør endrast i høve til det utkastet som no føreligg.

Dato: 10.08.2015

Rev: 26.10.2016

Rev: 27.04.2017

